



KONSERTINFORMASJON

Skulekonsertordninga
til Rikskonsertane



Burt Nilsson sin store sjanse

Ivar Kolve - musikalur
Tore Christian Sævold - skodespelar
Ståle Fylkesnes - lydteknikalur

Klassetrinn: klasse 1 - 7

Turneen er eit samarbeid mellom

RIKS **KONSERT** ANE

 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



KONSERTINFORMASJON: Burt Nilsson sin store sjanse

PROGRAMMET

Burt Nilsson er glad i å spele trommer saman med bestekompiisen Evert. Dei vil melda seg på den store talentkonkurransen, der dei kan vinne fyrstepremien på 25000.- kroner som dei vil bruke til å redde musikkrommet på SFO.

Burt har store ambisjonar, og venskapet deira vert sett på prøve når Burt vert litt for ivrig etter å verta kjendis.

Me møter i denne forestillinga Burt og Evert i deira ferd mot målet: talenttevlinga. I tillegg møter me alle dei andre deltakarane, m.a. poetar, sjonglørar, dansarar, tungrockarar, smørsangarar, jodlarar etc.

Eit teikn i vår tid, er fokuset på verta kjendis/ å bli sett.

Denne trongen er så sterkt blant enkelte menneske at vaksne og dermed også barn er viljuge til å gjere nærmast kva som helst framfor kamera/ publikum for å oppnå å bli sett... Samstundes vert respekt for enkeltindividet og fokuset på mellommenneskelege/ sosiale kvalitetar nærast usynleggjort.

Målet med denne forestillinga/konserten er å fokusere, med humoristisk skråblikk, på det som har vorte ei vanleg underholdningsform i dagens TV-verd, nemleg realityunderholdning...her i form av musikalske og verbale gjøglerier, i ein audition-situasjon.

MUSIKARANE

Ivar Kolve er frå Voss, men har vore busett i Bergen sidan 1988. Han er utdanna frå Bergen musikkonservatorium og har m.a. studert hjå Dave Samuels i USA. Har sidan 1991 arbeidd som frilansmusikar og komponist med mange ulike oppdragsgjevarar.

Som komponist har han m.a. skrive for ulike jazzband, Vossajazz, BIT 20-ensemblet, Den nationale scene, Nordlysfestivalen, og har samarbeidd med biletkunstnar Ulf Nilsen og tekstilkunstnar Anne Lise Tollefsen.

Som utøvar har han spelt ved dei fleste av landets jazzfestivalar som t.d. Vossajazz, Moldejazz, Kongsbergjazz, Maijazz, Nattjazz, Oslo jazzfestival, samt turnert for Rikskonsertane sidan 1990. I tillegg bør ein nevna Ylvis, Kvinner på randen, Bergen filharmoniske ork., Nye Carte Blanche, Den nationale scene, BIT 20-ensemble, folkemusikk prosjekter, Festspillene i Bergen og i nordnorge, samt eit utal tv, radio og studiojobbar. Ivar Kolve mottok Vossajazzprisen i 2000.

Skodespelar, trommis, høgt og lågt. Tore Christian Sævdal er kjend både frå musikkverda, TV og teater.

Tore Christian gjekk ut frå Bergen Teaterskole i 1995, og har sidan vore knytt til mellom anna Riksteatret, Bergen Komedia Teater og Den nationale Scene i Bergen. På TV er han mellom anna kjend frå serien Cirka Lykkelig på TV2, som trommeslager i dansebandet Topaz i Trond Viggos TVT på NRK og i Frittgående Hope på TV2.

Tore Christian har vore engasjert ved Den Nationale Scene i Bergen fleire ganger. Han har mellom anna spelt i stykkjer som A clockwork orange og I blanke messingen

Tore Christian Sævdal har spelt mykje teater for born og unge mellom anna i Ronja Røverdatter og Pippi Langstrømp av Astrid Lindgren, og i Askeladden og de gode hjelperne av Marianne Meløy, samt Dyrene i Hakkebakkeskogen av Torbjørn Egner. For tida er Tore busett i Stockholm og jobber no som frilans skodespelar og musikar.



KONSERTINFORMASJON: Burt Nilsson sin store sjanse

FØREBUINGAR

- Vi ber om at 3 - 4 elevar møter utøvarane når dei kjem til skulen for å bere utstyr - og at dei hjelper til etter endt konsert
- Muskarane skal nytte langveggen som scene . Stolar og gymbenker i vifteform

PEDAGOGISK MATERIELL

FORARBEID

Skulane vel 3 elevar til jury. Dei vert plassert ved eit jurybord. Elevane møter 10 min. før konsertstart og vil bli informert om å innta ei kritisk/positiv haldning til dei ulike artistane/ talenta som prøver seg.

Dommarane får utdelt klisjéaktige kommentarar og vurderingar på førehand.

Vel møtt til konsert!



KONSERTINFORMASJON: Burt Nilsson sin store sjanse

SPØRSMÅL OM KONSERTPLANEN

Turnélegger Hanne-Brit Iversen
Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga
Tlf. 55 23 99 60 / 92 24 16 57
E-post: Hanne-Brit.Iversen@post.hfk.no

SPØRSMÅL OM PROGRAMMET

Produsent: Jørn Oftedal
Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga
E-post: jorn.oftedal@post.hfk.no
Tlf.: 55 23 99 60 / 406 20 914

Sjå oppdatert turneplan og konsertinformasjon på www.dks-hordaland.no
Finn riktig kommune og vel din skule!

FAKTA

Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane oppretta i 1991 ein samarbeidsavtale om produksjon og turnèplanlegging av skulekonsertar i fylket. Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har i dag ansvar for 75% av samtlege skulekonsertar til born og unge i grunnskulane i fylket. Om lag 60.000 born får kvart år to skulekonsertar i regi av Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane. Den enkelte skule står som arrangør av skulekonsertane. Hordaland fylkeskommune nyttar profesjonelle musikarar som i hovudsak er busett i fylket.

Rikskonsertane si skulekonsertordning dekkjer i dag 99,7% av alle grunnskulane i landet og er statleg finansiert over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet. Kvart år gjennomfører rundt 800 musikarar 10 000 skulekonsertar i Noreg.

Du finn meir informasjon på www.rikskonsertene.no

